

**Slutt på fotballsesongen**

17.10.2012

**I helga spela dei aldersbestemte laga til UIL sine siste kampar i dette året. Nokre av dei kjem til å trenast på Heio ut denne månaden. Så blir det eit lite opphald i treninga før dei startar opp att over nyttår. Då vil nokre lag vera i hallen medan andre vil trenast ute, opplystar leiar Odd Steinar Arnesen. Laga vil ha litt ulike markeringar for å feira sesongen.**



Takk for denne sesongen!

Sundag var laga i gruppene frå 6 til 9 år i aksjon på Husnes og spela 3 kampar kvar. Frå UIL var det eitt mixlag i 2005/2006-klassen, eitt jentelag og eitt gutelag i 2004-klassen og eitt gutelag i 2003-klassen.

Måndag var gutar 10 år i Odda. dei har hatt cupkveldar der dei har spela 2 kampar kvar gong. Dei avslutta med to knappe tap denne gongen, men gutane viste god innsats og tendensar til flott spel, kan Arnesen melda.